



Industriutvikling Vest AS  
Litlås 2  
5954 MONGSTAD

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/368 - 14/24496

Saksbehandlar:  
Øystein Sørhaug  
Oystein.Sorhaug@lindas.kommune.no

Dato:  
31.10.2014

## Søknad om tilskot til bedriftsutvikling for Industriutvikling Vest (IUV)

### Administrativt vedtak. Saknr:

### Vedtak

Lindås kommune ynskjer å støtte søknaden frå IUV med 50.000kr.

*Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. Lov om offentleg forvaltning. Klagefristen er 3 veker frå den dato du mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal senast skriftleg. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.*

### Saksopplysningar/vurdering:

Industriutvikling Vest (IUV) er ein industriinkubator i SIVA-samanheng. Selskapet blei stifta i 2011, og er no inne i sitt fjerde driftsår. SIVA sitt industriinkubatorprogram varer i 5 år, med moglegheiter for vidareføring. Visjonen til IUV er å utvikle ny lønnsom forretningsvirksomhet med utgangspunkt i virksomhetene på Mongstad spesielt og Nordhordland generelt. Ambisjonen til IUV er å skapa minst 10 nye virksomheter i programperioden, samt å auka antall arbeidsplassar. IUV arbeider også med å utvikla eksisterande virksomheter i regionen.

Lindås kommune bidrar med reine driftsmidler til IUV i programperioden 2011-2016. Desse er på 125.000kr pr år. Dei offentlige driftsmidlane utgjer cirka 25% av driftsgrunnlaget for selskapet som heilheit.

IUV søker no kommunen sitt næringsfond om støtte til etablering og oppstart av eit innovasjonsmiljø i Knarvik, Lindås kommune (50.000kr).

IUV har lenge arbeida med utvikling av innovasjons- og gründermiljø sentralt i Knarvik. Det har lenge vært behov for eit slikt tilbud, men utfordringa har til no vert eigna sentrale lokaler. Då Waldegruppen gjekk

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567  
Org.nr. 935 084 733



konkurs sto eit betydelig kontorareal ledig, og IUV ynskjer no å gripe denne moglegheiten til endelig å kunne etablere eit sentralt begliggende innovasjons- og gründermiljø.

Målet med etableringa er å tilby gründerar eit utviklingsmiljø, gjennom å skape eit kontorfelleskap der også IUV som gründerhjelpar vil vere lokalisert. Gründerar vil dermed få tilgang til forretningsutviklingsressursar, noko som er positivt for den vidare utviklinga av sjølve gründerbedriften. Lokala er vidare tilpassa med 14 kontor, som kan gje arbeidsstad for cirka 20 personar. Bygget har også auditorium, kantine og gode møtefasilitetar, som vert tilgjengeliggjort for leietakerane.

Det er ingen tvil om at eit slikt tilbod lenge har vert etterspurt, og det er allereie teikna leigeavtalar for tilknytning til miljøet. Det er vidare viktig for kommunen å satse på nyskappingsaktivitetar i sør. Ein får då også nærare tilknytning til sentrale utviklingsaktørar i Bergen.

IUV har finansiert alt sjølv til no ift etablering og oppstart av eit slikt innovasjonsmiljø, og budsjettet har ei total kostnadsramme på 350.000kr.

I næringsplanen for Lindås og Austrheim står det poengtert kor viktig det er med gründeraktivitet og bedriftsetableringar, både på Mongstad og i sentrale deler i regionsenteret. I same næringsplan står det også at «som ein del av vertskapsrolla til kommunen bør det også satsast på utvikling av fleire gründerar». Eit slikt gründertilbod i Knarvik vil vere eit viktig bidrag til å få oppfylt ambisjonane som ligg i næringsplanen som heilheit.

I retningslinjene til næringsfondet er samarbeidstiltak eit prioritert område. Dette vil vere eit av dei viktigaste samarbeidstiltaka og nyskapingstilbodet som er gjort i regionsenteret Knarvik på lang tid.

Med helsing

Øystein Sørhaug  
næringsssjef

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Jorunn K Fosse  
Jorunn Nøttveit Moen

**Mottakarar:**

Industriutvikling Vest AS

Litlås 2

5954

MONGSTAD